

Dato: 19.12.2018  
Vår ref.: B56318

Nettside

- Tysnes kommune
- Omega Areal as

## Vedk.: Kunngjering på nett

Ber om at følgjande kunngjering vert teken inn på nettsida

Med venleg helsing

Omega Areal as

Thorleif Thormodsen Lea

e-post: [thorleif@omega.no](mailto:thorleif@omega.no)

---

## Varsel om oppstart av detaljregulering for Godøysund – Tysnes kommune

I samsvar med §§ 12-8 og 12-9 i Plan og bygningslova, vil me med dette varsle om at Omega Areal as på vegne av Godøysund AS skal utarbeide forslag til detaljregulering for Godøysund, gnr./bnr. 101/1 m.fl., i Tysnes kommune. Planområdet går fram av kart. Varsel om oppstart er lagt ut på heimesidene til Tysnes kommune og Omega Areal as.

Området er i arealdelen til kommuneplanen sett av til byggeområde for næringsverksemnd og LNF-område. Området er i gjeldande reguleringsplan regulert til hotell og fritidsbusetnad til både utleige og sal. Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for fritidsbustadar. Planen skal i tillegg leggje til rette for småbåtanlegg og gjestehamn med tilhøyrande funksjonar, samt moglekeit for etablering av kafé og sanitærbygg.

Tilkomst til området er tenkt via FV80 Godøysundvegen over eksisterande bru. I tillegg vil ein sjå på moglekeit for parkering på allereie opparbeida område på fastlandet.

Området er av Tysnes kommune vurdert til å utløyse krav om konsekvensutgreiing (KU), då planen medfører nye utbyggingsområde utover det som er avsett til utbyggingsføremål i kommuneplanen sin arealdel. Det er utarbeida planprogram, jf. plan- og bygningslova § 4-1, som gjer nærmare greie for planforslaget og konsekvensutgreiinga.

For nærmere informasjon kan du kontakta Omega Areal as, tlf 975 40 000.

Eventuelle merknader til oppstart av planarbeidet kan sendast til  
**Omega Areal as, Kvassanesvegen 4, 5582 Ølensvåg eller areal@omega.no - innan 13.02.2019.**

Etter at meldingsfristen er ute vil planprogrammet eventuelt bli revidert og handsama av kommunen. Sjølv planforslaget blir utarbeidd med konsekvensutgreiing i tråd med planprogrammet, og innsendt til kommunen. Etter første gongs handsaming blir planen utlagt til offentleg ettersyn. Det vil då vere høve til å komma med eventuelle merknader og motsegn mot planforslaget før endeleg handsaming av planen.